



Referat frå gruppeleiarssamlinga i Sogn og Fjordane speidarkrets 10. januar 2015 på Skei

| Sak | |
|-----|---------------------------|
| 1 | Friluftslivets år 2015 |
| 2 | Aktivitetsplan 2015 |
| 3 | Kretsleir |
| 4 | Kurs |
| 5 | Årsmøte generelt/val |
| 6 | Årshjul og rutinedokument |
| 7 | Materialforvaltar |
| 8 | Strategisk plan |
| 9 | Gruppeaktivitetar |

Til stades: Sverrir Valdemarsson, Inger Auestad, Niels Larsen, Petter Stenstadvold, Stein Oltedal, Asbjørn Øyra Sæterskar, Eirik Ulltang Birkeland, Ole Jomar Moen, Frida Mulen, Wenche Selland, Remco Hekel, Inge Byrkjeland og Trine Ludvigsen Rygg (referent).

Totalt 13 stykk.

| | |
|---|------------------------|
| 1 | Friluftslivets år 2015 |
|---|------------------------|

Asbjørn Øyra Sæterskar, speidarambassadør for FÅ15 i Sogn og Fjordane, informerte om Friluftslivets år 2015. Hovudmåla med Friluftslivets år 2015 er å rekruttere til speidaren og ta vare på folkehelsa. Ikkje-speidarar som blir med på aktivitetane, blir med på eige ansvar.

- 13. – 14. januar: Opningsarrangementet (Natt i naturen).
- 23. april: Klatrekampanjen «Mitt tre» (oppfordre og utfordre ordførar og andre).
- Hundremeterskogen (lokale opne aktivitetsdagar)
- Haikeligaen (turkonkurransen)

Nettadresser som vart nemnt:

- <http://www.friluftslivetsar.no/>
- <http://haikeligaen.no/>
- <http://www.speiding.no/friluftsliv/>

| | |
|---|---------------------|
| 2 | Aktivitetsplan 2015 |
|---|---------------------|

Eirik Ulltang Birkeland orienterte om styret sitt arbeid med aktivitetsplanen 2015 så langt. Det kom følgjande innspel i saka:

- Legge til ei gruppeleiarssamling i august/september der ein kan ta opp status.
- Gruppleleiarssamlinga som har vore i januar bør flyttast fram til november/desember.
- Legge opp til leiartid på kretsleiren.
- Kretstinget bør flyttast frå laurdag 14. mars til søndag 15. mars.
- Generelt bør dagsamlingar med leiarar arrangerast på søndagar.
- Kretsstyret må vere tidlegare ute med å planlegge og organisere arrangement for at dei skal bli gjennomført som planlagt.
- Vurdere om ein kan veksle mellom stad ein arrangerer JOTA/JOTI på (Reisefordeling).
- Tidsplasseringa av kretsleiren har falle på den beste veka, sjølv om det fell saman med Sognefjord Lerum Cup.

| | |
|---|-----------|
| 3 | Kretsleir |
|---|-----------|

Eirik Ulltang Birkeland orienterte om arbeidet til kretsleirkomiteen og planen vidare. Blant anna skal kretsleirkomiteen møtast siste helga i januar på planlagt leirområde. Temaet er tenkt å vere «friluftslivet gjennom tidene».

Innspel frå møtet:

- Ønskje om ein grov vekeplan innan 8-14 dagar.
- Ønske om at leirkomiteen også legg opp til leiar- og rovertid utan andre plikter.
- Ønskje om å høyre meir om haiken snarast mogleg.

| | |
|---|------|
| 4 | Kurs |
|---|------|

Ole Jomar Moen orienterte om planlagde kurs.

- Trinn 1: Kveldskurs i Sogn, startar 12. januar.
- Trinn 2: I helg til hausten, tidspunkt skal komme ut snart.
- Peffkurs 1: Tenkt å legge til kretsleiren.

- Leiartrenarane sit inne med ei stor verktøykasse som dei kan tenke seg å dele med leiarane i gruppene.
- Norsk grunnkurs i førstehjelp: Ikkje fastlagt.
- Godkjenne leiarar: Mest truleg under kretsleiren.

| | |
|---|----------------------|
| 5 | Årsmøte generelt/val |
|---|----------------------|

Eirik Ulltang Birkeland informerte om årsmøtet og valkomiteen.

- Førde er valkomité.

Andre innspel:

- Sende ut e-post om kva verv som er på val slik at gruppene kan komme med gode forslag til valkomiteen.
- Det vart stilt spørsmål kring valkomitéordninga: Bør den endrast?

| | |
|---|---------------------------|
| 6 | Årshjul og rutinedokument |
|---|---------------------------|

Eirik Ulltang Birkeland stilte spørsmål om ein på årsmøtet (2014) hadde eit dokument i tankane kring årshjul og valkomitédokument då dette var vanskeleg å tyde frå referatet. Innspel i saka:

- Det skal vere eit dokument som valkomiteen skal nytte i sitt arbeid (med bl.a. tidsfristar).

| | |
|---|-------------------|
| 7 | Materialforvaltar |
|---|-------------------|

Eirik Ulltang Birkeland ønskte å få innspel frå gruppeleiarane på kva utstyr kretsen hadde, kven som kunne tenkje seg å vere materialforvaltar og kvar utstyret burde vere. Innspel i saka:

- Det må bli valt ein som skal kartlegge kva kretsen har, kvar det er og korleis tilstand det er i.
- Lage system på korleis ein skal halde kontroll og eventuelt låne ut.
- Høgst prioritet i denne saka: Kretsstyret må gi mandat til ein.

| | |
|---|-----------------|
| 8 | Strategisk plan |
|---|-----------------|

Eirik Ulltang Birkeland opplyste om saka. Gruppene hadde ikkje tenkt direkte på planen sidan den vart vedtatt, men tenkjer det er noko som ein driver med til dagen.

Andre innspel:

- Større ønske om liste over interne og eksterne ressurspersonar som gruppene kan nytte.
- Større ønske om erfaringsutveksling og idémyldring kring aktivitetar.

| | |
|---|-------------------|
| 9 | Gruppeaktivitetar |
|---|-------------------|

Gruppene orienterte om kva dei har hatt av aktivitetar og kva dei har planlagt for kommande år.

- Aktivitetar (padle, klatring, sykling, kulsøpionering, knutar, ski, kokkekamp, fiske, segling, dykking, rafting, navigering, bål, spikking, tur)
- Overnattingsturar (hytte, snøhole, open himmel, gapahuk osv.)
- Besøk av «Inspiratorene»
- Samarbeid med andre aktørar
- Førstehjelp (basseng m/livredning, m.m.)

Slutt: 15:30.